Vi opnar ny
Huseby®
www.huseby-as.no
utstilling

Interiørsenteret i Furene
Proman
www.proman.no
Furene, 6100 VOLDA, Tlf: 700 79 990
INFORMASJON

Regionavisa
Det beste i livet er GRATIS!
www.regionavisa.no
28. januar 2009. Opplag 30.000

EGSET VENTILASJON AS
- Ditt innemiljø er vårt fag!
TOSHIBA
Varmepumper
Egset Ventilasjon
Furene Industriområde,
6100 Volda
Tlf. 70 05 30 48
www.egset.no

Kate byggjer barneheim i India

Side 6-7

Er du på jakt etter en arbeidskamerat som er trivelig og lojalt hjelper deg i det daglige arbeidet? Opel Vivaro er fleksibel, komfortabel og lettlastet. I tillegg har den en råsterk og økonomisk turbodieselmotor.

Opels 5 serviceløfter: Hurtigservice/diagnose uten avtalt tid • Slitedeler byttes samme dag • Lånebil under reparasjon • Direktenummer til kundeservice

www.opel.no

CO_2 utslipp 213-232 g/km, 8,0–8,8 l/100 km gjelder drivstofforbruk blandet kjøring.
Frakt og lev. omkost. inkl. lev. Ørsta. *2.0 CDTI 90 hk, prisen er eks. mva.

Opel Vivaro 2.0 CDTI
fra **216 900 kr***

COSMOPAKKE 2 FOR 4 720,- KR. EKS. MVA.
ESP, klimaanlegg, Radio/CD spiller m. rattbetjening, sentrallås med fjernkontroll i nøkkel, el. vinduer, oppvarmet fører og passasjersete, el betjente utv. speil m.m

Bil & Gummiservice
www.bilgum.no
6150 ØRSTA. Telefon: 700 66 255
Åpent: 08.00 - 17.00, tors. 19.00, lør. 09.00 - 14.00
OPEL

MYKJE Å DISKUTERE: *Mange timar med planlegging og organisering når ein skal starte eiga verksemd i lag.*

Unge karar valde Nordfjord:

Flott å flytte heim!

Dei er unge, dei har etablert eige firma og dei hadde eitt felles mål: Flytte heim til Nordfjord. – Naturen og det sosiale samhaldet er svært viktig. Og så må ein ikkje gløyme kjøtkakene hennar mor! Ler Even Andreas Dispen (24).

Det vert sett mykje fokus på korleis ein kan få ungdom til å flytte heim til distrikta etter endt utdanning.

– Arbeid er eit nøkkelord, meiner Odd Atle Skarstein (32) frå Olden, John Ingvald Myklebust (29) frå Nordfjordeid og Even Andreas Dispen (24) frå Stryn.

– Dersom ein skal velje å flytte heim, må ein ha jobbmogelegheiter, både til seg sjølv og eventuell sambuar/ektefelle.

Startar trafikkskule

Dei tre unge nordfjordingane har ordna seg jobb sjølve: I desse dagar opnar Nordfjord Trafikk døre-ne og tek imot dei fyrste elevane. Dermed blir det eit tilskot til trafikkskulane i Nordfjord, med avdelingar både i Stryn og på Nordfjordeid.

Odd Atle har alt jobba som trafikklærar og sensor i fleire år, dei to andre er i ferd med å fullføre si trafikklærarutdanning ved Høgskulen i Nord-Trøndelag. Fram til dei er ferdige, er det Odd Atle som driv butikken.

Naturen viktig

Når jobben er i boks, er det naturleg å spørje kvifor tre unge menn i sin beste alder vel Nordfjord.

– Eg og sambuaren min budde i Bergen, og treivst eigentleg godt. Men målet var likevel å flytte heim til Olden. Det eg verkeleg sakna med å bu i byen, var å kunne gå ut døra og ha litt fred og ro. Litt plass rundt seg, seier Odd Atle Skarstein.

– Eg har vel alltid tenkt at eg skulle busetje meg på Eid, seier John Ingvald Myklebust. Med sambuar og to born set han stor pris på å kunne bu i heimbygda. – Det er ein trygg plass å vekse opp for ungane. Og naturen er viktig. Det å ha mogelegheiter til å bruke naturen rundt seg, springe i fjellet, er eit stort pluss.

Fått auga opp

Even Andreas Dispen har budd i Oslo, der han jobba som faglært elektrikar. Han har også jobba med vakthald i Oslo Spektrum.

– Det er mykje spennande som skjer i hovudstaden. Men livet utanom jobben gav ikkje livskvalitet for meg. Det passa ikkje meg å bu i eit kryss på Majorstua. Eg har verkeleg fått auga opp for det vi har her, seier han.

– Det å ha plass, kunne gå ut og ha fjord og fjell rundt seg kvar dag er utruleg flott. Og ikkje minst er samhaldet og det sosiale aspektet utruleg viktig.

Spennande

No har dei hatt hektiske dagar med å flytte inn i nye undervisningslokale og klargjere den nye trafikkskulen. I tillegg til bilopplæring, har dei også tilbod om motorsykkelopplæring, traktor

Regionavisa

– Det beste i livet er GRATIS

Lay Out/sats: Regionavisa
Trykk: Sogn og Fjordane Avistrykk AS
Opplag: 30.000
Distribusjon: Posten
Postadr.: P.b. 424, 6067 Ulsteinvik
Besøksadr.: Kyrkjegt. 8
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 00 96 70
Ørsta-kontoret: Besøksadr.: 3. etg, Ørsta Torg
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 04 17 00

Redaktør/Dagleg leiar
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587

Produksjonsleiar
Gunlaug Kleppe
annonser@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 634

Salgssjef
Line Urke
line@regionavisa.no
Tlf.: 911 17 530

Salgskonsulent
Kari H. Berge
kari@regionavisa.no
Tlf.: 934 19 538

Ørsta-kontoret:

Salg og produksjon
Gunn Homberset
gunn@regionavisa.no
Tlf.: 458 65 620

Produksjon
Aina Iren Årsheim
aina@regionavisa.no
Tlf.: 70 00 96 60

Salgskonsulent
Magne Krumsvik
magne@regionavisa.no
Tlf.: 975 87 269

Kontor og adm.
Hildegunn O. Haugen
hildegunn@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 633

Reporter
Monica Iren Moe Masdal
monica@regionavisa.no
Tlf: 982 44 644

www.regionavisa.no - tips@regionavisa.no - annonser@regionavisa.no

© 2008 Nye Regionavisa AS

INVESTERINGAR: *Det trengst investeringar når ein skal starte eiga verksemd. For Even Andreas Dispen, John Ingvald Myklebust og Odd Atle Skarstein har nye bilar og andre køyretøy vore den viktigaste investeringa.*

og bil og hengar. Medan Odd Atle har ansvaret for motorsyklistane, skal Even Andreas utdanne seg som snøscooterinstruktør gjennom Høgskulen i Finnmark. Såleis vonar dei også til vinteren å kunne tilby godkjend snøscooteropplæring.

– Kvifor valde de trafikkopplæring som yrke?

– Interessa for bil og trafikk har alltid lege i botnen. I tillegg gjev det ein variert kvardag. Og det er ein målbar jobb, du ser resultat av det du gjer. I tillegg er det eit yrke der du arbeider med folk. Det er spennande og gjev alltid utfordringar, seier Odd Atle Skarstein, som ser fram til å lære opp ferske nordfjordsjåførar på heimebane.

TEKST OG FOTO:
GUNNHILD SINDRE

Gode råd på vegen

Mange foreldre er usikre når dei skal ut og øvingskøyre med 16-åringen. Dei tre unge køyrelærarane gjev gjerne nokre gode råd med på vegen. Og vil du plukke opp nokre ekstra tips ved å vere passasjer når poden har køyretime, så er du velkomen til det!

– Noko av det viktigaste er rett og slett at det er alt for seint å byrje opplæringa den dagen lærekøyringa startar. Ein må sjølv vere gode førebilete som sjåførar, seier Odd Atle Skarstein.

– Både oppførsel i trafikken og generell tryggleik er noko borna tek etter foreldra. Å bruke sikkerheitssele til dømes. Om du sjølv alltid gjer det, vil det vere ein mykje større sjanse for at borna dine også gjer det. Eit anna døme er køyrestilen. Har du sjølv ein aggressiv måte å køyre på, ser vi det godt igjen på borna.

Mengdetrening er også viktig, seier han. Og her kjem altså foreldra inn.

– Vi tilbyr foreldra å vere med på ein køyretime. Sitje i baksetet som passasjer. På denne måten kan dei sjå korleis vi jobbar, slik at dei har dette med seg som eit grunnlag i den private øvingskøyringa, seier han.

– Føler de på at de har eit ekstra ansvar som køyrelærarar, i og med at talet på ungdomsulukker er stadig aukande?

– Det er sjølvsagt eit stort ansvar å prøve å påverke haldningane til dei unge sjåførane. Som trafikklærar har du relativt kort tid å gjere denne påverkninga på. Då vil det vere viktig å syne samanhengar mellom val ein gjer og konsekvensar dette kan få. Får ein forståing for dette, så har ein oppnådd noko, seier Odd Arild Skarstein.

At ungdomsulukkene er eit tema som opptek, syner arbeidet Even Andre Dispen og John Ingvald Myklebust held på med i avslutninga på studiet sitt. Dei skriv kandidatoppgåve om ungdomsulukker, basert på ei undersøking blant ungdom.

– Vi ser på kva som har vore største årsaka til ulukkene, og kva tiltak det er som verkar. Ungdom skal sjølve setje opp kva dei meiner er dei mest effektive tiltaka. Det er eit spennande tema, seier Even Andre Dispen.

TRAFIKK I FOKUS: *Tre unge nordfjordingar som har valt å flytte heim etter endt utdanning for å starte eigen trafikkskule, frå venstre Even Andreas Dispen frå Stryn, Odd Atle Skarstein frå Olden og John Ingvald Myklebust frå Nordfjordeid.*

Din faghandel i Ulsteinvik

Lat oss undersøke synet ditt
HAVBLIKK OPTIKK
Tlf. 70 01 34 34 - Sjøgt. 3 - Ulsteinvik

Van Bergen-smykker får du hos gullsmeden i Ulsteinvik
PF Waage as
GULLSMED
Ulsteinvik - Tlf. 70 01 00 43 www.pfwaage.no

Alt i lyssetting

RETRO · MODERNE · KLASSISK
- DET SOM PASSER FOR DEG
NORDLYS DESIGN
Sjøgata 47, Ulsteinvik, Tlf. 70 01 72 00

Alt i handarbeid
Ulstein Garn og Broderi
6065 Ulsteinvik - Tlf. 70 01 00 54
Ope: 10-16.30 (15)

Her er plass til din faghandel

FOTO: STATENS VEGVESEN

Oslo en time nærmere

Forrige uke startet arbeidet med Kvivsvegen. Veien skal etter planen stå ferdig sommeren 2012. Da blir den en del av E39 Kyststamveien mellom Bergen – Ålesund – Trondheim. Trafikkbildet på Nord-Vestlandet vil endre seg dramatisk.

Nordfjord og Sunnmøre vil knytes nærmere hverandre og det oppstår en ny, slagkraftig region med 60 000 innbyggere. Kjøretiden fra søre Sunnmøre til Oslo vil bli nesten en time kortere. Mellom Bergen og Ålesund vil det ikke lengre være fire, men bare to ferjer.
Navnet Kvivsvegen kommer fra fjellet Kviven (1027 meter over havet) mellom Grodås og Austefjorden. Kviven er ikke noe ny ferdselsåre mellom Sunnmøre og Nordfjord. Stien i skaret innunder fjelltoppen har blitt brukt i flere hundre år av låsesmeder, gjetere, spillemenn, skoleelever, giftelystne og andre. Oppe på fjellet har honndøler og austefjordinger møttes til årlige treff.

Fra 50 kr til en milliard

Veien var så viktig at Hjørundfjord kommunestyre alt i 1874 bevilget penger til utbedringer. 10 år senere bevilget Hornindal kommunestyre kr.50,- til "veien" over fjellet.
I 1919 kom Kvivsvegen med i samferdselsplanen for Sogn og Fjordane, og siden har veiprosjektet blitt diskutert. I Nordfjord har det vært heftige diskusjoner mellom indre og ytre om valg av trase for den nye veien.
Til tross for at veien gjennom Stigedalen er blitt rustet opp flere ganger, har ikke drømmen om Kvivsvegen forsvunnet. Til det har trasevalget vært for åpenbart.
Stortinget har gjort flere vedtak om Kvivsvegen. Det siste gjennombruddet kom da Samferdselsminister Liv Signe Navarsete i mars i fjor fikk vedtatt en statlig fullfinansiering av veien. Det betyr altså at det overraskende nok ikke blir bompenger å betale.
Den nye veien blir på i alt 17,2 km med to nye bruer (ca 145 m og 40m) og fire nye tunneler (6490 m, 1600 m, 1125 m og 170 m). Prislapp: i overkant av 1 milliard kroner.

Tid og penger å spare

Transportøkonomisk institutt har regna ut at det mellom Volda og Stryn blir 45 minutter kortere reisetid. Stranda og Strandafjellet kommer en halvtime nærmere. Fra ytre søre Sunnmøre til Oslo blir det nesten en time å spare i forhold til å reise over Dombås. Også mellom Ålesund og Bergen vil det bli store besparelser.
Hvilke samfunnsmessige effekter dette vil få er vanskelig å ta inn over seg. Men en historie vi fant i nettavisen til studentene i Volda, Nærnett, gir oss en forsmak. For Vartdal Transport betyr en time kjøretid kr 8-900,-. Med ti turer til Oslo i uka betyr det kr 400 000 kroner spart på årsbasis.
Den offensive eksportindustrien på søre Sunnmøre har en enorm trafikk inn til fabrikkene sine fra underleverandører og ditto trafikk ut til kunder over hele verden. Kvivsvegen vil bety mange millioner sparte kroner i transportutgifter hvert år. Eller sagt på en annen måte: mange millioner i økt konkurransekraft.

Negative konsekvenser

Ethvert positivt tiltak har alltid noen negative konsekvenser. Slik også med Kvivsvegen. Det er allerede noen som har uttrykt frykt for at både sykehuset i Nordfjordeid og flyplassen på Sandane vil forsvinne når sykehuset og flyplassen i Volda kommer mye nærmere.
Paddene vil heller ikke bli så glade for den nye veien. Ved Lisjevatnet i Austefjorden er den største dokumenterte paddebestanden i Norge og kanskje også i Europa. Det vil for første gang bli bygd paddetunneler her i landet, men eksperter på slikt frykter at paddene ikke vil klare å forflytte seg i det bratte, uvante terrenget som de nå må bruke når de skal ut på sine årlige vandringer.
Trafikken gjennom sentrum av både Ørsta, Volda og Stryn vil selvsagt øke som følge av Kvivsvegen. I all disse bygdebyene går Europaveien tvers igjennom sentrum. Verst er det i Volda og Ørsta der veien snirkler seg forbi hushjørnene. Her må det snarest komme en ny vei utenom sentrum. Hvis ikke vil Volda og Ørsta kveles av gjennomfartstrafikk.

Slagkraftig region

Til tross for disse innvendingene, vil Kvivsvegen i det store og hele gi oss på søre Sunnmøre et kraftig forbedret trafikkmønster. Stryn, Stranda, Bergen og Østlandet kommer nærmere.
Dette vil skape nye mønster for bosetting og arbeidsplasser. Man kan bo i Stryn og jobbe i Ulsteinvik – eller omvendt. De titusener av turister som kommer til indre Sunnmøre og indre Nordfjord, kan kanskje oftere komme ut til kysten. Og næringslivet vil spare millioner..
Nordfjord og Sunnmøre vil bli en enda mer slagkraftig region. Kvivsvegen åpner for mange nye muligheter.

ARNFINN INGJERD

Endelig onsdag

"Nordfjord og Sunnmøre vil bli en enda mer slagkraftig region.

NOEN AV VÅRE BOLIGER AKKURAT NÅ

NYHET

FOSNAVÅG/SØRLIA

4 attraktive tomter

Prisantydning: varierer fra 550 000- til 750 000,-
Størrelse: varierer fra 700 kvm til 979 kvm
Visning: tomtene kan besiktiges på egen hånd eller Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

NYHET

ÅRVIKA

Enebolig med strandlinje

Byggeår: 1982
Prisantydning: 1 090 000,-
Tomteareal: 1728 kvm
BRA: 213 kvm
Visningstidspunkt: 03.02. kl 16.30- 17.30

NYHET

STRANDABØEN/ULSTEINVIK

Attraktiv leilighet med flott utsikt

Byggeår: 1992
Prisantydning: 1 600 000,-
BRA: 102 kvm
Tomteareal: 2721 kvm
Visningstidspunkt: 04.02. kl 16.30- 17.30

NYHET

FOSNAVÅG

Strøken og moderne leiligheit i sentrum

Byggeår: 2001
BRA: 55 kvm.
Adr.: Holmsild Brygge
Prisantydning: 1.300.000,-
Visning: 02.02. kl.17-18
Ta kontakt for visning: 982 39 657

NYHET

HJØRUNGAVÅG

Attraktiv del av tomannsbolig

Byggeår : 2001
Tomteareal : 1680 kvm felleseid tomt
Bruttoareal/primærromareal : 191,5kvm/ 135,5kvm
Visning : Mandag 02.02. kl. 16.45 - 17.45

NYHET

TOFTESTØDA

Flott leilighet

Byggeår : 1997
Tomeareal : 771 kvm felleseid tomt
Bruttoareal/primærromareal : 71kvm/66kvm
Visning : Tirsdag 03.02. kl. 16.45 - 17.45

BIGSET

Enebolig med utleigemuligheter

Byggeår: 1976
Tomteareal: 807 kvm
Bruttoareal/primærromareal: 163/156
Prisantydning: 1 950 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 930 99 350

STRYN

Nyoppført tømmerhytte v/Stryn skisenter

Byggeår: 2008
BRA: 121 kvm.
Tomt: 1506 kvm.
Prisantydning: 3 150 00,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

STRYN

Nyoppført tømmerhytte v/Stryn skisenter

Byggeår: 2008
BRA: 121 kvm.
Tomt: 1117 kvm.
Prisantydning: 3 150 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

ERTESVÅG/ULSTEIN

Nyere enebolig med flott utsikt

Byggeår: 1998
Tomteareal: 1237 kvm
Bruttoareal/primærromareal: 208/164
Prisantydning: 2 500 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 930 99 350

HAREID/NOBBA

Sentrumsnær leiligheit m/carport

Byggeår: 1990
BRA: 77 kvm.
Tomt: 1212 kvm.
Prisantydning: 1 230 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

FOSNAVÅG/FLUSUND

Enebolig I mur v/sjøen m/sjøbod

Byggeår: 1946
BRA: 299 kvm.
Tomt: 910 kvm.
Prisantydning: 2 990 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

GJERSVIKA

Enebolig med sjøtomt

Byggeår: 1994
Tomteareal:
Bruttoareal/primærromareal: 231/189
Prisantydning: Bud ønskes
Ta kontakt for visning: Tel. 930 99 350

HULDAL

Atraktiv selveigerleilighet!

Byggeår: 1992
Tomteareal: 2983 kvm (felleseid tomt)
Bruttoareal/primærromareal: 69/62
Prisantydning 1 400 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 930 99 350

ULSTEINVIK

Stor og oppgradert leiligheit I sentrum

Byggeår: 1975
BRA: 117 kvm.
Prisantydning: 1 650 000,-
Bud mottatt.
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

HADDAL

Stor og innholdsrik enebolig

Byggeår: 1989
BRA: 257 kvm.
Tomt: 887 kvm.
Prisantydning: 1 950 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

FOSNAVÅG/FLUSUND

Sjøbod m/egen kai over 3 etg.

Byggeår: ca. 1910
BRA: ca. 160 kvm.
Prisantydning: 650 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

HAREID/RØYSET

Stor eiendom v/vatnet m/potensiale

Tomt: ca. 20 dekar
Prisantydning: 1 900 000,-
Ta kontakt for meir informasjon
Tel. 982 39 657

ULSTEINVIK

Næringslokale over 2 etg. midt I sentrum

Byggeår: 1975
BRA: 350 kvm.
Prisantydning: 3 900 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 982 39 657

HOLSTD

4 flotte og oppussede rekkehus

Byggeår: 1963 (renovert 2008)
Tomteareal: 1596 kvm
Bruttoareal/primærromareal: 92/83
Prisantydning : 1 650 000,-
Ta kontakt for visning: Tel. 930 99 350

SKAL DU SELGE BOLIG?
NOTAR GIR DEG SALGSGRANTI
UTEN BINDINGSTID
WWW.NOTAR.NO

Torstein Drevik
Tlf. 916 26 544

André Nakken
Tlf. 930 99 350

Tommy Sylte
Tlf. 982 39 657

Yvonne Kirkenes
Tlf. 482 88 859

NOTAR

Dette bilete er teke i ein av barneheimane for tibetanske born i Dharamsala.

FOTO: PRIVAT

Dersom Kate greier å samle inn meir enn dei 240.000 kronene som ein ny barneheim vil koste, ønskjer ho å byggje ein trygg og god leikeplass til borna også.

FOTO: PRIVAT

> *Uansett kor ille ein har det, det er alltid nokon som har det verre.*
>
> Kate Thorvaldsen byggjer barneheim i Nord-India

I eit kvitt gamalt hus på Lauvstad finn du Kate Thorvaldsen (39), ei kvinne med eit stort og varmt hjarte som ikkje set seg ned og gret dersom ho ser naud og urett.

Etter ei reise til Nord-India og byen Dharamsala, der Dalai Lama og den tibetanske eksil-regjeringa held til, har ho starta innsamling for å byggje ein ny barneheim på staden.

– For to år sidan såg eg tilfeldigvis ei annonse for ei reise til Dharamsala, og eg berre visste med meg sjølv at eg måtte bli med på denne turen. Eg ser på meg sjølv som buddhist, og hadde eit brev eg ønskte å levere til Dalai Lama. Etter at turen var bestilt, ville omstendigheitene det slik at eg fekk uforutsette utgifter, noko som gjorde at eg ikkje greidde å finansiere turen. Det var eit mirakel som måtte til om eg skulle få reise, fortel Kate.

Mirakel

Kate fekk mirakelet sitt.

– Eg sendte mail til reiseoperatøren, og forklarte at eg måtte avbestille, men kunne dei vere så snille å ta med seg brevet mitt til Dalai Lama? Svaret eg fekk var heilt utruleg. Arrangøren fortalte meg at noko slikt hadde han aldri gjort før, men eg skulle få turen gratis, det var berre noko han følte han måtte gjere for meg, sa han. Noko so utruleg flott! fortel Thorvaldsen.

Turen til Dharamsala gjorde inntrykk. Fattigdomen er stor i området, og byen er heim til mange flyktningar frå Tibet.

– I området er det mange barneheimar for tibetanske born som manglar alt. Husa er ofte gamle og i svært dårleg stand. Det eldste huset, som har overlevd både jordskjelv og orkanar, er i svært dårleg stand, med store fuktskadar og svært dårlege høve for borna som bur der. Slik huset er no, ville vi i Norge ikkje eingong fått lov til å halde dyr i det, og i Dharamsala er det små born som kallar dette heimen sin. No samlar eg inn pengar for å rive huset og setje opp eit nytt. Det vil koste 240.000 kroner for å setje opp eit hus med to etasjer og plass til ein stad mellom 40 og 60 born. I norsk målestokk er dette for nesten ingenting å rekne, og tenk på alt det gode ein kan gjere for born som verkeleg treng hjelp!

Varitè

Den 6. februar arrangerar Kate Varitè på Parken kulturhus i Ålesund til inntekt for prosjektet.

– Det kjem til å verte eit flott arrangement, med innslag frå elevar ved sirkuslinja på Nordfjordeid, dans med Ålesund balettskule og elevar ved Fagerlia vidaregåande skule. Og så skal eg og Frode Ose stå på scena og synge. Det blir spanande det. Det blir faktisk første gongen for meg på ei scene der eg skal framføre noko sjølv, smiler Kate.

Før jul selde Kate peparkakehjarter for å samle inn pengar.

– Eg kjevla på meg senebetennelse av heile greia, men det var absolutt verdt det. Til å hjelpe meg å selje dei 800 peparkakene hadde eg åttande klasse frå Volda ungdomsskule, fortel ho.

Engasjement

På spørsmål om kvifor ho gjer dette, vrir Kate seg litt i stolen. Det er tydeleg at ho ikkje ønskjer å framheve seg sjølv i dette.

– Altså, eg hadde ein ganske røff start i livet, utan at eg vil kome noko vidare inn på akkurat dette. Men eg fann ut at istaden for å sitje der og synast synd i meg sjølv, så ville eg ta tak. Og dessutan, uansett kor ille ein har det, det er alltid nokon som har det verre. Når ein då gjer noko for andre, skiftar ein fokuset frå seg sjølv og over på noko anna. Noko som gir meg so utruleg mykje. Det gjer noko med deg når ein kan vere med på å gjere mørke til lys for å seie det slik.

Som åleinemor har ikkje Kate mykje å rutte med sjølv.

– Sjølv om det til tider er trangt økonomisk, kan eg absolutt ikkje klage. Eg har tak over hovudet, kle på kroppen og mat i kjøleskapet. Sonen min har alt han treng, og meir til. Ved å bruke tida mi på dette prosjektet, får eg så inderlig mykje utbytte personleg at eg blir ein rik person, fortel ho.

Dalai Lama

Kate har enno ikkje møtt Dalai Lama personleg, men ho har direkte adgang til staben hans.

– Eg trur nok at eg får møte han personleg ein gong, og slik det er no, har eg fått adgang til hans næraste medarbeidarar, og brevet mitt har han fått. Dalai Lama er eit fantastisk menneske som reiser verda rundt med budskapet sitt om at alle mennesker er likeverdige. Sjølv med all den uretten som er gjort han og det tibetanske folk, ropar han aldri høgt på hjelp. Eg synes det er heilt på sin plass å gi noko tilbake om ein kan det.

Dersom Kate greier å samle inn meir pengar enn dei 240.000 som er naudsynt for å byggje den nye barneheimen, ønskjer ho å byggje ein skikkelig leikeplass for borna.

– Dei har nesten ingenting, og berre det å få ein liten leikebil er stort for desse små. Det å kunne byggje ein trygg og god leikeplass også, ville vore fantastisk.

Husteikningane er klare, og infrastrukturen og administrasjonen er på plass.

– Det er kun pengane som manglar, og eg vonar verkeleg at eg greier å samle inn nok med framsyninga den 6. februar. Eg har også oppretta eiga heimeside for prosjektet, samt at eg har starta ei gruppe på Facebook. Med tida er draumen at eg kan greie å skape min eigen arbeidsplass der eg kan få realisere fleire liknande prosjekt, fortel eldsjela Kate Thorvaldsen.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL



– Eg ser på meg sjølv som buddhist, og Dalai Lama er mitt store førebilete, seier Kate Thorvaldsen.

hummel

Alle jakker og bukser

veil. 600,-

399,95 pr. del

ALLE jeans

JACK & JONES

SELECTED FEMME / HOMME

399,95

JACK & JONES dunjakke

NO 599,95

veil. 2.199,95

30%

på alt frå SELECTED FEMME / HOMME

29. 30. og 31. januar

Lager-tømming

sommar- og haustvarer

50-70%

på alle varer i butikken

Jack & Jones

Selected

Hound

Grunt

Outfitters Nation

TDK

I gamle Risøe-lokalet
(2. etg. Ørsta Torg)
og på Amfi Ulsteinvik

IN-SHOP

Ørsta Torg, tlf. 982 51 138 – AMFI Ulsteinvik, tlf. 982 51 139

Vi opnar ny

Huseby®

www.huseby-as.no

utstilling

Interiørsenteret i Furene

Proman

www.proman.no

Furene, 6100 VOLDA, Tlf: 700 79 990

ekte kjøkkenglede

KOM OG SJÅ
DITT NESTE
KJØKKEN

Les om vår nye kampanje på www.proman.no

Huseby®

Interiørsenteret i Furene

Furene, 6100 VOLDA

Tlf: 700 79 990

www.proman.no

Proman

-trivsel for framtida

Bad - Kjøkken - Omnar - Skorstein - Skorsteinskontroll - Fliser - Taksikring - Masasjebad - Skifer

Fødte

Vil du ha med ditt bilete på denne sida? Dette er gratis hjå oss. Send inn tekst og bilder til ***aina@regionavisa.no***

25. november fekk Mathias og Helene Elise ein skjønn bror! Han var 3465 gram og 50 cm lang. Lukkelege foreldre er Heidi Alice Aarseth og Anders Ryberg.

Mats kom til verda i rakettfart 04.01.09 på Nordfjordeid sjukehus, før vi rakk heim til Volda sjukehus. Han vog 3130 gram og var 48 cm. Lukkelege foreldre er Anita Stokke Blomvik og Jan-Ove Blomvik. Stolte besteforeldre er Ingrid og Frode Stokke og Merethe og Per-Ola Blomvik.

Angelita kom til verda den 17. januar og vog 2760 gram og var 46 cm. Amy (9) er stolt storesøster. Lukkelege foreldre er Ragnar og Kantitta Sørdal, Eidså.

Vår skjønne lille prinsesse Linnea Nogva Engvik ble født ved Rikshospitalet onsdag 14.01.09. Vitale mål: 3600 gram og 49 cm. De stolte foreldrene er Anne Grete Nogva og Eirik André Engvik i Oslo. Jorunn og Arnold Nogva i Volda, og Randi og Oddvar Engvik på Averøy, er stolte besteforeldre.

Kristoffer kom til verda den 19. januar. Lillebroren til Julie (3) var 3600 gram og 50 cm. Stolte og lukkelege foreldre er Mari Hagen og Tore Skoge, Ulsteinvik.

Cornelia Bondhus og Ole Petter Nilsen vart foreldre til William 18. januar 2009. Han var 2530 gram og 46 cm. Besteforeldre på Lauvstad og Rovde gratulerer.

Marie (snart 2) fekk seg ei lita søster den 18. januar. Ho var 3330 gram og 48 cm. Lukkelege tobarnsforeldre er Kristine Rebbestad og Torbjørn Vartdal, Ørsta.

Volda 7. januar. To stolte storesøstre Andrine(6) og Hanna(3) som har fått ei søster. Foreldre er Beate Kroká og Erik Ljotebø, Myrvåg i Herøy.

Olander kom til verda den 20. januar. Lillebroren til Bjørn Magne, Tommy Andre, Aleksander og Tiril Christiane vog 2070 gram og var 44 cm. Stolte og lukkelege foreldre er Barbro Almaas og Ole Andreas Olsen, Ørsta.

Temesgen Geremeskel Berhawe, Ulsteinvik, blei stolt mamma til ein gut den 21. januar. Han vog 2940 gram og var 48 cm.

Aleksander kom til verda den 22. januar, og vog 4790 gram og var 54 cm. Joachim (14) og Oda (4 ½) er stolte storesøsken. Lukkelege foreldre er Annika Ringstad Kleppe og Reidar Skansen Kleppe, Leikong.

Den 21. januar fekk Albert (4) seg ei lita søster, ho vog 3380 gram og var 52 cm. Lukkelege foreldre er Line og Geir Are Nedrelid, Volda. Stolte besteforeldre er Anne og Audun Nedrelid, Eva og Tore Karlsen.

Are kom til verda den 22. januar. Lillebror til Annbjørg (17), Emil (6) og Jenny (5) vog 4060 gram og var 53 cm. Stolte og lukkelege foreldre er Beate Lillebostad og Henning Bjørdal, Ørsta.

Fødselsdag



Alf Berge 60 år!
Verdens beste ektemann fyller 60 år i morgon 29. januar. Kjempeklem frå kone-mor. Resten av familien helsar også, og vi gler oss til feiring på laurdag.

Den 22. januar fekk Mari-Anne Aarskog og Vidar Nupen, Ørsta, seg ei jente. Lillesøster til Håkon (14) vog 3360 gram og var 49 cm. Stolte besteforeldre er Jorunn og Jostein Aarskog, Agnes og Dagfinn Nupen.

Den 21. januar fekk Buyamba Numbi og Anaclejit Semkwe, Volda, seg ein liten gut. Han skal heite Jaouli Gamambali Semkwe, og var 3290 gram og 49 cm.

Nila Adele kom til verda den 22. januar. Lillesøster til Aleksander, Janne-Birthe og Sebastian vog 3280 gram og var 49 cm. Lukkelege foreldre er Anne Falch Gundersen og Elling Strand, Ulsteinvik. Stolte besteforeldre er Lidvor Strand, Bjørn Gundersen og Gunhild Falch.

Gifte

Karianne Myklebust og Trond Holen, Sæbø. Vigde på Sorenskrivarkontoret i Volda, 12.12.2008.
Foto: Myklebust/Senneset

UTDANNING 2009

Onsdag 4. og 11. februar
blir det temasider for UTDANNING i Regionavisa.
Dette er plassen for skular og bedrifter med lærlingeplassar!

Avisa går ut til ALLE på søre Sunnmøre.
Opplag: 20.000 eks.
Materiellfrist er fredag før innrykk.

Regionavisa

Tlf.: 70 00 96 60 • Fax: 70 00 96 70
E-mail: annonser@regionavisa.no
www.regionavisa.no

Treromsleilegheiter

Innflyttingsklare

sparebanken sogn og fjordane

RIMELEGE NYOPPFØRTE LEILEGHETAR I NYE COOP BYGGET, MIDT I SENTRUM AV HORNINDAL.

Kontakt: Norunn Aarnes Meklar MNEF

Telefon: Dir: 57 75 12 44/ mob: 481 67 098

Prisar frå: kr. 1.325.000,-

Treromsleilegheit med bra frå 71 – 108 m². Terrasse på ca 12 m². Alle leilegheitene har to soverom, stove med opa kjøkkenløysing, bad, og gang. Fem av leilegheitene har i tillegg et ekstra wc og eit arbeidsrom/ kontor. Leilegheitene har heis og carport med ei bod i underetasjen. God plass til gjesteparkering. Hornindal kan by på mange aktivitetar både sommar og vinter. Bading i Hornindalsvatnet og fantastiske fjellturar om sommaren og flotte preparerte skiløyper på vinteren.

Låge kostnader – Ingen buplikt i kommunen – Gode solforhold

SSF Eigedomsmekling Tlf: 57 82 96 00 www.ssf.no

GJERSDAL TREINDUSTRI AS

Trapp frå lokal leverandør

Vi kan tilby:
- Val av type, materiale og farge
- Spesialtilpassing
- Teikning av forslag
- Oppmåling
- Montering

Ta kontakt for tilbod!

Gjersdal Treindustri AS
Prestegata 33
6100 Volda

tlf. 70 05 91 60/906 24 676
fax: 71 40 43 06
mail: *gjersdal@gjersdal.no*



Beste utsikta i Stryn! Høg standard, moderne løysingar.
Finn kode: 15326611

Nøkkelferdig einebustad i rekke. Høg standard. Fantastisk fjordutsikt.
Finn kode: 15326554

2 ledige leilegheiter. Høg standard, nøkkelferdig, god utsikt.
1 steinkast frå busstopp og butikk. Finn kode: 15326579

Regionavisa 28.01.2009

Ny huskatalog med 27 nye hus!
www.norhusnorge.no

Norhus Ørsta
Tlf 70 06 50 00 / 915 88 166
orsta@norhusnorge.no

norhus
forvent det beste

BLI FØRSKULELÆRAR I VOLDA!

- **stort behov for førskulelærarar | finn jobb der du vil**
- **organisasjon- og leiing | idrett og naturfag | forming-, drama- og musikkfag**
- **aktivt og sosialt studentmiljø**

Bli med på konkurranse. Vinn iPod!Sjå www.hivolda.no/mib

UNG Regi

Dagens eventyr!

Det var ein gong eit eventyr som vart laga av Guro og Silje. Ein fredagskveld undra dei seg over kva for ein godbit dei skulle tilføye til neste utgåve. Etter langt om lenge og lenger enn langt, kom dei fram til tre krav: godbiten måtte vere relevant i forhold til Tørrsokk-saka, det måtte vere litt morosamt og ikkje minst seriøst slik at det skulle bli godteke av leiinga i Regionavisa.
Eventyret byrja som følgjer: Guro og Silje gjekk ein tur på stien, og søkte skogens ro. Guro var kledd i fjellsko, tjukkesokkar og turklede frå Bergans. Silje hadde på seg sokkar frå Tørrsokk, opne sandalar og turklede frå HellyHansen. Dei kom så til ein bekk. Der stod det ein svenske, ein danske og ein nordmann.
"Den som kjem seg over bekken utan å bli våt på beina, skal få eit års gratis abonnement frå Regionavisa," sa Guro.
Dansken var først ut. Han prøvde å gå på henda over, men han kom ikkje lenger enn halvvegs før han kolva. Medan dansken endå låg i vatnet, prøvde svensken å bruke han som bru. Ikkje mange sekund etter låg dei begge langflate mellom steinane i bekken. Norsken vart diskvalifisert fordi han gjekk rundt bekken, og ikkje over. Då var det berre Silje igjen med sine opne sandalar og sokkar frå UB Tørrsokk. Ho traska ned i vatnet og gjekk leikande lett over bekken. Både dansken, svensken og norsken skrattlo av Silje. Det var jo umogleg å gå rett ned i vatnet utan å bli våt på beina. Men då sette Silje seg ned på stompen og tok av seg sandalane og vrengde Tørrsokken av seg.
"Sjå her, sjå her, knosktorre på føtå!"
Takka være UB Tørrsokk vann Silje eit års abonnement frå Regionavisa, og jubelen tok ingen ende. Trudde vi. Heilt til Guro sa: "Det beste i livet er gratis, difor er også Regionavisa det".
Vi veit enno ikkje korleis det gjekk med svensken og dansken som hamna i bekken. Men det ryktast at dansken slit med "bekkenløysing", mens svensken fekk vasshaud.

Tips oss!

Noko du vil tipse oss om, eller saker du vil vi skal skrive?
Kontakt oss:
Silje Antonsen: 915 58 060
Guro Stokseth: 922 93 223
Mail: ungregi@hotmail.com

Vasstett

Caroline Hauge og Dina-Mari Seljeset hadde stand på Amfi-senteret i Ulsteinvik førre helg. Målet deira er å selje MINIMUM 75 par med desse vantette sokkane. Noko for deg?

UB Tørrsokk ved Ulstein vidaregåande skule har løysinga for deg som bur her på Sunnmøre, men ikkje likar å gå med støvlar. No kan du gå med akkurat dei skoa du vil i allslags vêr – den vasstette sokken er her.

Logoen til UB Tørrsokk.

Dina Mari og Caroline går sal, service og tryggleik ved Ulstein vidaregåande skule. I denne studieretninga jobbar dei første året mykje med å vere ute i arbeidslivet og handtere kundar og yte service. Det andre året får elevane moglegheit til å delta i programmet Ungdomsbedrift (UB). Det gir elevane moglegheit til å starte ei eiga bedrift og få masse kunnskap om og forståing for bedriftsetablering. Det er frivillig, men heilt sidan Sal og Service starta opp ved Ulstein Vidaregåande Skule i 2003 har det vore ungdomsbedrifter ved skulen. Også klassa til Caroline og Dina Mari har laga ungdomsbedrifter.

– I vår klasse er det to ungdomsbedrifter som både samarbeider og konkurrerer. Vi er vel omtrent åtte på kvar gruppe, fortel dei.

UB Tørrsokk

Då dei bestemde seg for å starte ei bedrift, måtte gruppa til Caroline og Dina Mari først og fremst finne eit produkt som dei kunne selje. Dei fortel at dei var innom fleire ulike produkt før dei til slutt enda opp med den vasstette sokken.

– Vi har hatt mange prosessar og vore gjennom mange produkt. Vi gjekk ganske langt med både ein plastikkpose og ei ostehøvelboks, men vi bestemte oss for ikkje å fullføre det, fortel Caroline.

Det var Dina Mari, som alltid frys på beina, som fekk ideen til det endelege produktet:

– Eg frys alltid på beina, så då tenkte eg at eg ville ha ein sokk som var vasstett. Vi søkte ein del på nettet og fann nokon i Noreg som selde nettopp det. I og med at det var ein sokk som gjer at du held deg tørr på beina, gjekk gruppa for bedriftsnamnet UB Tørrsokk. I tillegg tykte dei det var bra å ha eit norsk bedriftsnamn.

Mykje arbeid

Det er ikkje berre berre å starte ei eiga bedrift i følgje dei to jentene:

– Det er mykje arbeid med ei slik bedrift. Vi må laga mange ulike planar og budsjett. Men det er veldig lærerikt og absolutt verdt det, tykkjer Caroline.

– Vi må selje minst 75 par for å gå i overskot og det er målet. Vi har meldt oss på fylkesmessa og jobbar no med å marknadsføre produktet. Vi skal rundt til jakt- og fiskeforeiningar og vise fram sokken, og så skal vi rundt til idrettslinjene på skulen, fortel Dina Mari.

I tillegg er gruppa i gang med å lage både nettside, visittkort og brosjyrar. I løpet av skuleåret skal dei ha etablert, drive og avvikla ungdomsbedrifta. Eventuelt overskot bestemmer elevane over sjølve. Ungdomsbedrifta skal vere registrert hos Ungt Entreprenørskap og Enhetsregisteret i Brønnøysundregisteret. Så det er verkelege saker dei har med å gjere desse elevane.

God sokk

Då vi møtte jentene hadde dei stand på Amfi-senteret i Ulsteinvik. På bordet stod ei stor skål med vatn og ved sida av den låg der to sokkar. Vi fekk ta kvar vår sokk på handa og dyppe i skåla. Vi rørte hendene med sokkane rundt i vatnet ei lang stund, men var like tørre på hendene etterpå. Sjølve hadde vi sett for oss ein våtdrakt-liknande sokk, men det var det altså ikkje. Sokken var glatt og fin på utsida, og varm og mjuk på innsida.

– Den er laga i tre lag og er både pustande og vasstett. Inni er det merino-ull, så den er god, varm og mjuk, fortel Caroline.

Begge jentene er stolte eigarar av kvar sitt par vasstette sokkar, og Dina Mari har rukke å testa dei mange gongar til no:

– Eg har brukt dei i alle moglege sko, også støvlettar. Dei er nauta behagelege å ha på og dei held på varmen. No kan eg gå med akkurat dei skoa eg vil.

Rett ut i arbeidslivet

Å gå Sal, Service og Tryggleik gir jentene moglegheit til å gå rett ut i arbeidslivet etter to år på vidaregåande skule. Ein kan jobbe innan økonomi, administrasjon, sal og i tryggleiksfaget.

– Vi vert klare for arbeidslivet på to år, fortel Caroline. Vi veit korleis vi skal handtere kundar, og no får vi jo svært mange erfaringar med denne ungdomsbedrifta.

– Det er utruleg kjekt å gå Sal, Service og Tryggleik. Og så er det veldig lærerikt, fortel Dina Mari.

Dersom du vil vite meir om slike vasstette sokkar kan du sende ein e-post til ub-torrsokk@hotmail.com eller kontakte Dina Mari på tlf.: 932 51 782

TEKST OG FOTO:
GURO STOKSETH OG
SILJE URKE ANTONSEN

Namn: Dina-Mari Seljeset
Alder: 17
Bustad: Herøy
Sivilstatus: Singel
Idol: Ingen spesiell
Kvar er du om ti år: Då er eg leiar i ei bedrift.

Namn: Caroline Hauge
Alder: 17
Bustad: Gursken
Sivilstatus: Singel
Idol: Tja...litt forskjellige.
Kvar er du om ti år: Då har eg starta mi eiga bedrift.

Bak frå venstre: Øystein Haram, Mathilde Emdal Rønning, Dina-Mari Seljeseth, Robin Johansen. Framme: Anne-Beate Myrvågnes og Caroline Hauge. Jenny Schakenda og Sajanthan Ramachandran var ikkje tilstades.

POSESALG!
3 par sko/støvler kr 500,-
7 plagg i 1 pose kr 400,-
75% på høstkolleksjonen
Barnehjørnet
klær, leker, utstyr og sånt....
Blåhuset, 2. etg. - Tlf. 70 33 28 19

Modell for ein dag..
Torsdag 29. januar frå kl 10
Få lagt GRATIS make-up -og ta bilde av deg!
Proff-fotograf Magne Kobbevik tek ditt bilde
FOTOSHOOT
på ettermiddagen!
4 lokale modellar får prøve seg i fellesarealet på Blåhuset.
Sjå dei i aksjon!
PARFYMELLE
BLÅHUSET - Ulsteinvik - Tlf: 70 01 32 60
BLÅ HUSET ULSTEINVIK

Premieredagar hos Toyota

Frå i morgon og ut neste veke får du sjansen til å sjå den nye Toyota Avensis hos Toyota-forhandlaren i ditt distrikt.

G. Eilertsen i Ulsteinvik og Toyota Sunnmøre i Hovdebygda er klare til lanseringa av den nye Avensis.

- Dette har vi venta på lenge så no gler vi oss til torsdag seier Jan Arild Bjåstad, Frank Hofseth og Geir Eilertsen ved G. Eilertsen AS i Ulsteinvik.

- Fjoråret var eit kjempeår for oss, men på nybilfronten var det lite nytt. Derfor er gleda spesielt stor no når vi startar året med denne flotte bilen. Seinare blir det nylanseringar av fleire av våre modellar, så vi har mykje å glede oss til framover, seier ein stolt salgssjef, Frank Hofseth.

Han fortel at dei har langope både torsdag, fredag og laurdag og at det blir mogleg å få seg ein kaffikopp og kanskje "noko attåt".

- I tillegg har Toyota utstyrt oss med mykje smårekvisita som vi kan gi bort. Alt frå ballongar til sjokolade, drops, isskraper og andre spennande småsaker - alt med Toyota-logoen på, natulegvis, avsluttar Hofseth og ønsker velkomen til premieredagane som startar torsdag.

PREMIERE: *Den nye Toyota Avensis er i hus hos G. Eilertsen AS i Ulsteinvik. Her ønsker, frå venstre Geir Eilertsen, Jan Arild Bjåstad og Frank Hofseth velkomen til premieredagar.*

Personalia Bursdag

Asgeir Kongsvoll 40 år!

I morgon, torsdag 29. januar, fyller Asgeir Kongsvoll 40 år !

No venter vi spent på invitasjon til festivitas.

Bursdagshelsing frå gode kompisar.

SKAL DU SELGE BOLIG? NOTAR
NOTAR GIR DEG SALGSGARANTI UTEN BINDINGSTID

MøbelMagasinet

Cobana baderomsinnredning

Kun kr 4.995,-

Kjempekupp komplett baderomsinnredning inkl. vask
Frå kr 4.995,- (heiltre syrebeisa furu).
Som avbilda (heiltre Cuba lakk) kr 6.995,-. Begrensa antal.

Kun 19.995,-

3+1+1 Italiensk salong hud over alt

Tempur

Alle lagervarer av Tempur, senger, overmadrasser og puter

– 50% først til mølla...

Boston recliner
stol m/ sving
kun 3.995,-

160x200 KUN
8.995,-

180x200 KUN
9.995,-

Nida kontinental seng
Pocket fjærsystem og 7 cm overmadrass.

Hallgeir 120x200 KUN
2.995,-



Hallgeir 160x200 KUN
3.995,-

Hallgeir kontinental
120x200 m/6 cm vaskbar overmadrass.
(Nattbord og hodegavl kommer i tillegg)

Regionavisa 280109 - Forbehold om trykkfeil og utsolgt!

MøbelMagasinet

Saunesmarka, 6065 Ulsteinvik - Tlf. 70 09 49 00 - Faks 70 09 49 01 .. DU RINGER, VI BRINGER!

Ope: Mand.-onsd. 10-16.30. Tors/fred. 10-18. Laurd. 10-15

.. du ringer, vi bringer!

Ut i helga?

Hareid:

HAREID KYRKJE:
Søndag. Kyrkjekabaret, "Vår ferd i dine hagar".

Sande:

BREIDABLIKK:
Laurdag. UKM.

Ulstein:

SJØBORG:
Fredag. Astrid Overå "Tar hele kaka".
Laurdag. UKM

ULSTEIN KYRKJE:
Laurdag. Konsert med Jessy Dixon.

Vanylven:

SYVDE SAMFUNNS-HUS:
Laurdag. Bygdakveld.

Volda:

ROKKEN:
Fredag. Musikalsk oase med Woodleg Odd, Baarelaget og Handymen.

SAMFUNNSHUSET:
Fredag. Seniordans.

BERTE KANUTTE HUSET:
Laurdag. Vinterdans med Blue Masters.

Ørsta:

KAIHUSET:
Torsdag. Kveldsope.

RUST CLUB&SCENE:
Laurdag. Disco.

HOTELL IVAR AASEN:
Laurdag. Torskebord.

Hyttekoz i Olivinhallen

5. februar set Sogn og Fjordane Teater opp stykket Hyttekoz av Hans Sande i Olivinhallen.

Ein radikal lærar, ein konservativ butikkleiar, ein vaklande flyktningkonsulent og ein frustrert asylsøkjar møtest i ein uvanleg situasjon, på ei sjølvbetjent turisthytte! Vi møter Ismael som har søkt tilflukt i ei turisthytte etter å ha fått avslag på asylsøknaden sin. Brått dukkar Bjørn og Sveinung opp. Det heile toppar seg når kona til Bjørn kjem på uventa besøk – til Ismael.

I *Hyttekoz* møter vi fire sterke og høgst ulike personar der alle har noko å skjule.

Regi: Arild Støfring
Scenografi: Åse Hegrenes
Lysdesign: Stefan Dombek
Medverkande: Morten Bruun, Kathrine Fagerland, Erlend Olaisen og Haakon Strøm

Mange vil nok kjenne igjen Kathrine Fagerland som hadde ei sentral rolle i filmane om Varg Veum.

Forfattar Hans Sande er opphavleg frå Gloppen, men busett i Førde. Han har skrive over 40 bøker og har tidlegare vore engasjert ved SoFt med "100 år og like stri" i samband med unionsmarkeringa. I samarbeid med to andre forfattarar skreiv han kabaretframsyninga " Englebarn og jævelonga" ved Hålogaland Teater. I tillegg har han turnert i Nord-Norge med familieframsyninga "Hæsterock og andre villdyr", der han song, spelte og fortalde.



Sogn og Fjordane Teater set opp stykket Hyttekoz i Olivinhallen 5. februar.

Opeth kjem til Volda

12. mars kjem det svenske bandet Opeth til Rokken.

Bandet spelar ei blanding av metal, klassisk rock, deathprog, symfoniske element og frijazz. I 2008 kom albumet Watershed, eit album som byggjer vidare på ein katalog av ni utgjevingar.

Opeth har framleis sitt utgangspunkt i brutal 90-talsmetal, men påverknaden frå prog, folkrock alt anna som var stort på 70-talet har vorte stadig viktigare. I si anmelding i Bergens Tidende skriv Asbjørn Slettemark blant anna at "Watershed er eit gnistrande, utfordrande og massivt album". Med Opeth på scena er det klart for ein konsert full av energi og ei variert og særeigen konsertoppleving levert av teknisk meget gode musikarar. Opeth består av Mikael Åkerfeldt, Martin Mendez, Fredrik Åkesson, Martin "Axe" Axenroth og Per Wiberg.

Opeth kjem til Volda og scena på Rokken den 12. mars.

Blåhuset som modellhus

Torsdag 29. januar blir det glamour og blitz på Blåhuset. Den profesjonelle motefotografen Magne Kobbevik, vil då nytte Blåhuset som kulisser til fotoshoot. Det er fire lokale modellar som skal stå framføre kamera.

- Kobbevik er seljar for Bjørn Borg merket, motefotograf og sandvolleyballspelar. No er vi så heldige å ha fått han til å stille opp torsdag, slik at folk kan få eit lite innblikk i kva som ligg i eit profesjonelt fotoshoot. På føremiddagen skjer det på Parfymelle, der vi legg makeup på dei som ønskjer det, før ein får høve til å bli fotografert av Kobbevik. Vi vonar at mange tek turen innom, det er ein god sjanse til å bli litt fornya og å få gode råd på vegen, seier dagleg leiar i Parfymelle og initiativtakar, Siri Waage Pilskog.

På ettermiddagen er det klart for skikkelig fotoshoot med lokale modellar. Modellane er tekne ut på førehand, og er Guro Stokseth, Martine Lervik, Maria Grimstad og Steffen Hansen.

Magne Kobbevik, sandvolleyballspelar og motefotograf, inviterer til "modell for ein dag" på Parfymelle på Blåhuset torsdag.

- Parfymelle og Føhnix vil stå for stylinga, medan ulike butikkar vil syte for kle og anna tilbehør. Kobbevik tek med seg den nye veske-kolleksjonen til Bjørn Borg, og disse vil sjølvsagt vere hovudfokuset. Bileta som blir tatt blir hengt opp i Parfymelle, og ein kan vere med på å stemme fram det ein meiner er det beste reklamebiletet. Laurdag vil vi då trekke ut premiar til nokon av dei som har stemt og premiane vil vere Bjørn Borg produkter, opplyser Waage Pilskog.

TEKST: MONICA IREN MOE MASDAL

Coachende lederstil

Kursene våre i coaching og relasjonsledelse, er utrolig populære for alle som jobber med mennesker og motivasjon. Dette er et høgskolestudium som gir 15 studiepoeng.

Kurset er rettet mot ledere eller ansatte som ønsker å bli ledere i private og offentlige foretak og som ønsker å utvikle og forbedre sin kommunikative og relasjonelle lederegenskaper. Studiet passer også for alle som jobber med internopplæring, omstillingsprosesser, HMS og IA, som f.eks personalkonsulenter, kompetanseutviklere eller tillitsvalgte.

For ytterligere info, sjekk *www.fumr.no*

Folkeuniversitetet Midt-Norge

Anne Kat til Nordfjordhallen

Den 25. februar kjem Anne Kat Hærland til Nordfjordhallen med showet sitt "Gift- men ingen fanatiker".

Då Anne Kat debuterte som scenekomikar med showet "Jeg er ikke Dina" i 2003, hadde ho allereie rukke å gjere ei karriere som dei fleste kan misunne. Det som byrja med lysetting i NRK i 1993, enda opp med ei fast rolle i ein av kanalen sine aller største sjåarsuksessar gjennom tidene, "Nytt på nytt". Anne Kats frekke, men aldri overfladiske komikk får publikum til å le og tenkje. Bevæpna med eigen irritasjon skyt ho frå hofta og sablar ned alt ho ser på som fordummande og latterleg, og går like uredd til angrep på politikarar som glamourmodellar, spyttar på konvensjonar og ler av meiningslaus moral.

Innimellom slaga har ho også funne tid til å gifte seg, og hausten 2008 kom ho med den nye framsyninga si "Gift, men ingen fanatiker".

Anne Kat Hærland kjem til Nordfjordhallen den 25. februar.

Førpremiere med Side Brok

Det blir eksklusiv førpremiere med Side Brok på Rokken laurdag 7. februar.

Etter år og månadar med svart jobbing og skumle takter er Side Brok på veg opp frå undergrunnen igjen. Laurdag 7. februar kjem dei til overflata med blodferskt låtmateriale på ein eksklusiv førpremiere på studenthuset Rokken i Volda.

Dette blir dei aller første smakebitane frå bandets nye plate som skal sleppast i løpet av våren. Thorstein Hyl er tilbake i storform for å slenge drit i låtar som luktar av totempæl og manndom, og Spellemann-nominerte Skatebård er tilbake med eller utan bar overkropp. Sjef-R trur han har funne seg sjølv og han er ikkje skjemd av det heller.

For å følge opp dei nye, inspirerte og indignerte tekstane frå Runar Gudnason sin blekksprutande penn, har bandet slept inn i studio alt dei har kunna raske saman av likesinna musikalsk pakk. Plata vil vise Side Brok i sjeldant symfonisk godlune, akkompagnert av sensuelle kor-kvinner, strykarar, pust, pes og blås.

På førpremieren på Rokken lovar Side Brok å tilfredsstille alt den gode fanskaren måtte ha av våte draumar, og dei varslar dessutan eit solid knippe gamle slagerar under det som kan bli eit av vårens definitive konserthøgdepunkt blant dei gamle fjell.

Ein dokumentarfilm om Side Brok sitt drøye 5 år lange livslaup skal også fullførast om nokre korte månadar, og opptak frå konserten på Rokken vil bli ein del av filmen om dei. Dokumentarfilmen er produsert av produksjonsselskapet Aldeles AS i Bergen og regissert av Turid Rogne frå Ørsta. Filmen har arbeidstittelen "Heimegutar" og skal ha festivalpremiere i laupet av våren og deretter visast på NRK.

Ungdommens kulturmønstring

Ungdommens kulturmønstring (UKM) går av stabelen i dei aller fleste kommunar på denne tida.

I Ulstein og Sande blir mønstringa holdt laurdag 31. januar, på Sjøborg og på Breidablikk på Larsnes. Den 7. februar blikk UKM holdt på Herøy kulturhus og på samfunnshuset i Syvde. Dagen etter, 8. februar blir det UKM på kulturhuset i Ørsta og den 14. februar er det på Volda samfunnshus.

Ungdommens kulturmønstring er eit kulturtiltak for born og unge i heile landet, der ungdommen får presentere talenta sine innan scenekunst, film og visuelle uttrykk for eit publikum. UKM er meint å gje eit breitt bilete av det ungdom er oppteken av.

Musikalsk Oase i Volda

Fredag 30. januar kan publikum oppleve Musikalsk Oase på Rokken scene med banda Woodleg Odd, Baarelaget og Handymen.

